



DEN NORSKE KYRKJA

Bryne sokneråd

Møteprotokoll

Råd: Bryne sokneråd
Møtestad: Møterom kyrkjekontor
Dato: 13.02.2020
Tid: Kl. 19:30

Følgjane medlemmer møtte

Anne Brit Ree	Nestleiar
Hans Tore Hetland	Medlem
Heidi Strand Harboe	Medlem
Ola Undheim	Leiar
Stein Ødegård	Medlem
Steinar Espevik	Medlem
Tove Hersdal	Medlem

Forfall

Inger Bakke Berge
Jarle Braut

Varamedlem

Stein Arild Boi Pedersen

Andre som møtte:

Elisabeth Obrestad
Jostein Tollaksen

Møtenotater:

Oppsummering etter strategisamlinga 8. febr. 2020 i Bryne kyrkje.

Ungdomsarbeid:

Stikkord, overganger. Lage overganger i alle ledd.

Bruke dei arenaer me har for å markedsføre, feks. trusopplæringstiltaka me har.

Viktig med den gode dialogen me har med speidararbeidet.

Konfirmantar - korleis få dei med vidare? Nå er Ung Fokus i gang, gje dei informasjon om dette arbeidet etterkvart som det veks fram.

Få arbeidet med diakonien i gang i forhold til Praxedes sine ønskjer, dette med kommunikasjon, det å få kontakt med folk, dei som føler at dei ikkje høyrer heime nokon plass, KIA arbeidet, dette å utvida nokre dører.

Viktig å støtte ho i dette arbeidet.

Likar at me kan bruke FOKUS inn i soknerådet, god samling i Oltedal.

Før nytt oppfølgingskurs i oktober tek me eit par tri kapittel her i soknerådet, dette må me bare koma i gang med frå neste møte av.

Me må oppdatere bileta i utforminga av ny strategiplan.

Har fått ein ide: "Drop in dåp".

Kan me få til det her på Bryne? Jærdagen? Livsgledefestivalen?

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

005/20

Godkjenning av innkalling

006/20

Godkjenning av referat frå førre møte.

007/20

Meldingssaker

008/20

Evaluering av fordelingsnøkkel Bryne, Time og Undheim sokn.

009/20

Gjevartenestekomite.

010/20

Årsmelding 2019.

011/20

Juletre i Bryne kyrkje.

005/20 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:

Innkalling godkjend.

BSR - 005/20 Vedtak:

Innkalling godkjent med ei endring, Inger Bakke Berge har meldt forfall til møte.

006/20 Godkjenning av referat frå førre møte.

Forslag til vedtak:

Referat frå førre møte godkjend.

BSR - 006/20 Vedtak:

Referat godkjent med desse korrigeringane, møte var i Oltedal kyrkje og 1. vara Stein Arild Boi Pedersen møtte.

007/20 Meldingssaker

Forslag til vedtak:

Meldingssakane vert tatt til orientering.

BSR - 007/20 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Meldingssakane vert tatt til orientering.

008/20 Evaluering av fordelingsnøkkel Bryne, Time og Undheim sokn.

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd vedtek å vidareføre dagens fordelingsnøkkel 65% Bryne, 25% Time og 10 % Undheim sokn. Dette på bakgrunn av medlemstala pr. d.d. Fordelingsnøkkel evaluert igjen i januar 2025.

BSR - 008/20 Vedtak:

Forslag til vedtak:

Bryne sokneråd vedtek å vidareføre dagens fordelingsnøkkel 65% Bryne, 25% Time og 10 % Undheim sokn. Dette på bakgrunn av medlemstala pr. d.d. Fordelingsnøkkelene evaluerast igjen i januar 2025.

009/20 Gjevartenestekomite.**Forslag til vedtak:**

Bryne sokneråd avsluttar arbeidet i økonomiutvalet, og opprettar ein gjevartenestekomite beståande av dagleg leiar, administrasjonsleiar og ein representant for soknerådet. Bryne sokneråd vedtek i møte 13.02.2020 forslag til mandat for gjevartenestekomiteen slik den ligg føre.

Stryke siste setning under "Organisering og samansetning".

BSR - 009/20 Vedtak:

Bryne sokneråd avsluttar arbeidet i økonomiutvalet, og opprettar ein gjevartenestekomite beståande av dagleg leiar, administrasjonsleiar og ein representant for soknerådet. Bryne sokneråd vedtek i møte 13.02.2020 forslag til mandat for gjevartenestekomiteen med den endringa som kom fram på møte.

010/20 Årsmelding 2019.**Forslag til vedtak:**

Bryne sokneråd godkjenner i sitt møte 13.02.20 årsmeldinga for Bryne sokneråd 2019.

BSR - 010/20 Vedtak:

Årsmeldinga blei godkjent med dei endringar som kom fram i møte.

011/20 Juletre i Bryne kyrkje.**Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

BSR - 011/20 Vedtak:

Bryne sokneråd går inn for å kjøpe inn juletre i plast til Bryne kyrkje.

